

STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for Tromsø-studentane

1. årgang - Nr. 3 - 1976

Overgrep på
studentrepresentant:

STEINAR NILSEN SUSPENDERT

Studentrepresentant Steinar Nilsen:
**AUKA HUSLEIGE OG DÅRLEGARE SERVICE
PÅ SAMSKIPNADENS 1977-PROGRAM**

Halve leigeauka går til styrehonorar og bilgodtgjersle

Husleigestreiken ifjor hadde som resultat ein avtale om avgrensa leige i leigene ut 1976. Ved nyttår går avtalen ut - og leigene opp. Eit framlegg frå administrasjonen i Studentsamskipnaden skal vanlege hyblar på Prestvann og Storskogåsen hevast frå 10 kroner. Frå 1. jull vert det så ytterlegare auke over helle et atterhald at dette er eit framlegg som enno ikkje er styret, presenterer vi her det leigealternativet som er opp til den profil av prisøkning som ønskes å gå inn for i minimal prisøkning fra 1.1.:



Steinar Nilsen blei fredag 12. november suspendert frå samskipnadens budsjettutval på grunn av «illojalitet». Bakgrunnen for suspensjonen er intervjuet med ham i forrige nummer av studentavisa der opplysningar frå budsjettarbeidet vart publisert.

Sjå inni avisa.

NEI til Alstadheim- utvalet si innstilling

Alstadheimutvalet si innstilling om velferd for studentar og skoleelevar er no ute til drøfting. Innstillinga slår fast at det er staten som har ansvaret for velferden vår, men realiteten bak sukkerkulene utvalet strør ut, er ein ganske annan. Inne i avisa syner Torgeir Engstad at innstillinga truleg betyr ei rasering av velferden vår. Det er viktig at studentane set seg inn i denne saka, og at vi bygger ein einskapsfront med andre utdanningsøkande for ei reell velferdsbetring.

Sjå side 3

Champignon: FORTSATT KAMP!

Dei 9 framandarbeidarane held fram kampen trass i rasistiske åtak frå bedriftsleiinga og borgarpressa.

Forbundet deira, Skog og Land, har klårt synt på kven si side det står, gjennom å krakterisera streiken som ulovleg, og gjennom oppmodingar om individuell oppseiing frå dei ni.

Vidare har AUF enno ein gong synt sin klassekarakter gjennom streikebrytaren Åge Granerud.



Studentval 25. november: Side 4
STØ PROGRESSIV FRONT!

STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for studentane ved
Universitetet i Tromsø

Redaksjon:
Gudmund Anders Dalsbø og Anton Myhra
(ansvarlege), Åse Hansen, Anne-Grete
Sandbukt
Adresse:
Studentutvalet, Kaigata 3å, 9000 Tromsø

Trykt hos:
Nye Troms, 9220 Moen
Opplag:
1700
Redaksjonen avslutta 14. november 1977

GJØR HOVUDALLMØTET SLAGKRAFTIG

Torsdag 25 november er det hovudallmøte for studentane. På sakslista står m.a. val av nytt studentutval, ny delegatgruppe til NSU (Norsk Studentunion) og supplerings til redaksjon i studentavisa.

Alstadheimutvalet, som vi tar føre oss på anna stad i denne avisa, går mot allmøteval. Det same kjem fram i utkastet til ny Universitetslov. Allmøtet skal reduserast til «diskusjonsforum og aktivitetsspreder», og i staden skal vi få urneval.

Kvifor lyt vi halde på allmøteval som det mest demokratiske? Når vi vel representantar til ulike organ er det ikkje personane som er hovudsaka, smilet deira eller avstaminga. Det som tel er politikken dei står for. Derfor lyt alle kandidatane stille på ei politisk plattform, der dei kunngjør sitt syn på sentrale saker. Berre ved allmøteval er dette muleg å gjennomføre på høveleg vis. På allmøtet er det høve til å diskutere motsetningar og uklårleikar, det er her meininga skal brytast - og kvem som helst kan t.d. stille spørsmål til kandidatane.

Allmøtet kan og gi representantane bunde mandat, og det kan kalle attende folk som måtte bryte plattformen si eller på anna vis gå mot studentane sine interesser.

Ved urneval lyt ein gjerne røyste på kandidatar ein knappt veit kven er og kva står for. Om ein skal kunne få utdjupe punkt i eit eventuelt program, er overlatt til meir tilfeldige møte og til kantineprat. Heller ikkje kan ein trekke attende ein representant som misbruker tilliten, - nylal kan berre skje viss representanten trekker seg friviljug. Vi kan derfor gjerne spørre kva som er så mykje meir demokratisk med dette.

Nokre ynder å framstille hovudallmøta som eit forum for dei politisk medvetne og dei debattflinke, og at allmøtevala difor berre er tumleplass for desse. Det skal ikkje leggast skjul på at det ofte har vore slik, men det er likevel berre delvis rett, og ikkje i noko høve nokon grunn til å forkaste allmøteforma som styringsform. Alle kan ikkje ha ordet til einkvar sak, og dei som ikkje seier noko, blir i alle fall kjend med argumenta for og imot saken. Dei får såleis eit grunnlag å stemme etter. Dette manglar ved urneval. Men det er rett at framme har vore lite. Men det var heller ikkje mange som røysta ved dei høgdemokratiske urnevala til Universitetstinget i vår. Vi må imidlertid reise diskusjonen om korleis interessa for studentpolitikken kan aukast og korleis mobiliseringa kan betrast. SU sin tale ved semesteropning var eit forsøk på dette, vi er derfor skuffa over at ikkje Peter Arbo tar opp denne tråden i sin kritikk av talen (sjå forrige nummer). Vi meiner han prioriterer feil i innlegget sitt.

VI OPPFORDRAR DERFOR ALLE SOM VIL AT STUDENTANE SJØLVE SKAL AVGJERE VALORDNINGA SI, TIL Å KOMME PÅ HOVUDALLMØTA: Stort oppmøte der, er det beste svaret vi kan gi Alstadheim, og alle andre som vil svinebinde oss.

STØ PROGRESSIV FRONT!

Når dette skrivest, føreligg det berre eit plattformforslag, nemleg Progressiv Front sitt. PF stiller kandidatar til studentutvalet, delegatgruppa og redaksjonen. Frå USV har vi høyrte ymt om at dei kanskje stiller delegatgruppe.

Anna steds i bladet presenterer PF seg, og vi rår til at folk set seg godt inn i dette før valet. Vi meiner det syner ein rett politikk, og trur at dei fleste studentane kan stø dei krava som reiset. Dersom dei kan det, lyt dei gi Progressiv Front si røyst.

Det er no også moeleg å verte medlem i PF, som dermed har tatt steget heilt ut til å bli en slagkraftig interessefront for studentane. Vi oppfordrar alle som stø PF sin politikk, om å melde seg inn, og ta eit aktivt tak innen fronten. Berre på den måten kan studentane mobilisere slagkraft bak rettferdige krav.



Reisetelefonen 81644

Når De skal reise ringer De til oss ...
og vi ordner alt!

BENNETT TROMSØ

RETTING

Oppslaget vi hadde i forrige nummer om Studentsamskipnaden har vekt reaksjonar i administrasjonen. Blant anna har vi fått vite at saka kjem til å bli tatt opp på styremøte i Samskipnaden 19. november.

I samband med dette vil vi rette opp ein feil som er komen inn i intervjuet med Steinar Nilser. Her heiter det m.a.:

«Samstundes skal styremedlemene ha honorar for 45000 kroner, og elles kan styret utan vidare heve bilgodtgjersla til kontorsjefen og økonomisjefen. Dette to et aleine opp halve auka».

Av dette ser det ut som om kontorsjefen og økonomisjefen får 65000 i bilgodtgjersle. Så ille er det naturlegvis ikkje. «Desse to» er meint å syne til dei to nemnte postane, altså styrehonoraret også.

Lapsusen har skjedd i redaksjonen, og Steinar Nilser har inga skuld i dette.

Vi beklagar!

Redaksjonen

FIRE MELDINGAR:

1. Ei presisering: Studentavisa er organ for studentane ved Universitetet i Tromsø, ikkje ved Studentutvalet som det ved ein feil frå trykkeriet sto utanpå forrige nummer. Vår kontakt med SU går formelt ut på at SU vel eit redaksjonsmedlem, og dei kan kreve opptil 25% av spalteplassen stilt til sin disposisjon. Dersom det ikkje står uttrykkelig, har SU såleis ikkje noko ansvar for stoffet og den redaksjonelle linja i avisa.

2. Forrige nummer var tett og såg kjedeleg ut. Det kom av at redaksjonen inga aning hadde om kor stor ein maskinskriven artikkel ville bli på prent. Vi skreiv difor for langt. Vidare hadde vi problemar med å skaffe bilete og andre illustrasjonar. Det er mogleg at dette nummeret lir av same sjuka, men vi vonar det vil betre seg etter kvart, og at folk les avisa trass i dette.

3. Vi treng fortsatt medarbeidarar. Korrespondentar rundt om på institutta, illustratørar, fotografar. Og vi tek gjerne mot debattinnlegg og skjønlitterære bidrag. Kontakt oss snarast.

4. Stoff til første nummeret i 1977 set vi ei førebels frist på til 22. januar. Sjå elles oppslag på bygga. God og skriveferie!

Med helsing
Redaksjonen

* OVERGANGER *

Nynorsk i ...

Noreg sto som arrangør av NORDNORSK MÅLTING '76.

TA NYNORSKEN TIL SKOLEMÅL

På NORDNORSK MÅLTING '76 blei det vedtatt fleire fråsegner. Hovudfråsegna oppmodar rølk til å ta nynorsk skriftspråk i bruk på alle område. Særleg innafor skolen må alle vegar som finst til å velje nynorsk, nyttast.

I. Foreldre til born under 14 år må krevje røysting over kva skolemål det skal vere i skolekrinsen: nynorsk eller bokmål.

II. Der det ikkje er moeleg på kort sikt å stemme nynorsken inn som skolemål, kan foreldra gå saman om å danne nynorske parallellklassar. Det trengs foreldre til minst 10 elevar på eit av klassestega i barneskolen for at

SUSPENSJONSAKA

Opplysninga om at Steinar Nilser er suspendert frå Samskipnaden sitt budsjetutval har sprengt seg som eld i tørt gras på universitetet. Kva konsekvensar dette skal få, og kva for mottrekk vi skal møte suspensjonen med, - det er spørsmål som no lyt diskutert grundig mellom studentane.

Budsjetutvalet sin formann krev «lojalitet» og respekt for «spilletts regler». Dette inneber praksis at studentrepresentantane skal sitja inn med viktige opplysningar om forverring av studentane sin situasjon, utan å fortelja dette til nokon. Dette tek frå oss høvet til å planleggja aksjonar før budsjetutvalet er vedteke. Studentrepresentantane skal, saman med resten av budsjetutvalet, gå rundt med løyndomsfulle smil heilt til budsjetutvalet er vedteke.

Denne gongen gjaldt teieplikta budsjetutvalet. Nes gong kan det gjelda enno viktigare ting for studentane. Saka har difor interesse ut over det konkrete dømet.

Vi står og midt oppe i eit ordskifte kring Alstadheimutvalet si innstilling. Denne byggjer opp om eit studentpamperi, med lønne representantar som ikkje kan attendekalla Deira lojalitet skal fyrst og framst gå til samskipnaden og staten, og ikkje til studentane. Å protestera mot overgrepet frå formannen av budsjetutvalet i denne saka, er difor samstundes ein protest mot Alstadheimutvalet si innstilling og «studentdemokratiet» som ho legg opp til.

KASSETTVEN?

Frå England har avisa fått brev frå ein student (?) som ønsker å utveksle kasettbandopptak av kringkastingsendingar. Han skriv mellom anna:

«I am interested in making contact with any student who would like to exchange cassette tape recordings of Norwegian NRK broadcasts for similar English recordings from the BBC. Someone who has an interest in English might be most interested, but I could also offer up-to-date,

good quality stereo recording anyone who was interested in music of any kind».

Han har skrivne til oss fordi det så vanskeleg å få gode NRK opptak i den delen av England han bur. Dessutan er særleg interessert i Nord-Norge. Så om nokon er interessert, skriv til:

Nick Orson
68 Petworth Gardens
Lordhill
Southampton

Lukke til!



MARITIM CAFETERIA Stedet for god og rimelig mat.
PEPPERMØLLEN MAT & VINHUS Stedet for mat og miljø.
FISKEKROGEN Stedet for havets delikatesser.
SJØMANNSKLUBBEN GRILL Stedet for en god bit.

ein slik klasse kan starte. III. Ungdomen kan sjølv velje nynorsk som hovudmål frå 8. klasse i ungdomsskolen og i alle vidaregåande skolar.

Elles vedtok NORDNORSK MÅLTING to fråsegner om betre norskopplæring, særleg i lærarskolen. Det blei og krävdt at frittstående statsinstitusjonar som statskontrollerte oljeselskap, NRK, Postdirektoratet og Statens vegvesen, må ta omsyn til rett bruk av norske stadnamn.

AVISENE MÅ GJEVE
NYNORSKEN STØRRE ROM

Det blei og uttrykt glede over NRK har gjeve betre plass nordnorske dialektar, men n tinget venta at dialektane nynorsken måtte få ein bre plass. Avisene i landsdele unnateke Nye Troms, blei kserte for at skriftformene d ligg så langt frå talemålet og nynorsken får så lite rom. Avis er med på å nedvurdere dialektane ved at ingen redaksjonen nyttar nynorsk. NORDNORSK MÅLTING meinte derfor at i alle fall store avisene måtte tilsette ein journalist som skriv nynorsk.

ALSTADHEIMUTVALET: RASERING AV VELFERDA?

Alstadheimutvalets innstilling er resultatet av eit utval som vart nesett for å greie ut behovet for og organisering av velferdstiltak for ungdom under utdanning. Innstillinga er samstemmig med unntak av ein dissens om attendekalling av valde styremedlemmar.

Innstillinga vert handsama i Stortinget over jul

og det er viktig at ho vert møtt med kraftige aksjonar. Om den vert vedteke, tyder det eit alvorleg åtak på de demokratiske rettane våre og ei drastisk forverring av velferdstilbodet vårt.

Innstillinga (NOU 33/76) kan tingast på Unibok, eller direkte frå Universitetsforlaget, avd. for off. publikasjonar.

1. LOKKEMAT

a) Auka nybygging
Innstillinga fremjer eit ønskje om at staten må løyve mykje meir pengar til boligbygging. Det er ingen grunn til å tru at det vil skje sjøl om vi må kreve av staten at eit slikt auka byggeprogram kjem. Det som er røynda i dag er at talet på elevar mange stader aukar mykje sterkare enn hyblane.

Dersom det skulle vere ting som tyder på at staten var interessert i å skunde på hybelbygginga, skulle ikkje statsbudsjettet for neste år redusere posten for hybelbygging med 25%. Den politikken staten legg opp til i budsjettet sitt for 1977 syner altså ei utvikling som er stikk i strid med den som Alstadheimutvalet ønskjer seg!!! Dvs. ønsket om 95 mill. i året til boligbygging.

b) Lik velferd

Samskipnaden skal utvidast til å gjelde alle elevar og studentar i Tromsø, ca 3500.

Utvalet sine ønskje om utbygging av velferda og større statleg ansvar for ho, er gamle krav frå vår side.

Elevane ved til dømes yrkesskolen har lenge kjempa for at staten og fylket skal bygge boligar slik at det mest skrikande behovet vert løyst. Ingenting har hendt, og i dag er staten reint i knipe kvar gong kravet vert satt fram. Det er ei stor skam for stat og fylke at så mange elevar ikkje har noko velferdstilbod.

Kravet deira er bygg egne boligar, ikkje ta husrom frå andre som Alstadheimutvalet legg opp til.

Den billigaste løysinga av alt for staten, i eit forsøk på «å kunne ha noko å by fram», er å overføre boligar frå studentane og lærarskoleelevane til andre elevgrupper.

Dette løysar ikkje bolignauda, det vert ikkje fleire hyblar av ein slik politikk. Løysinga er uakseptabel og råkar både elevar og studentar.

2. REALITETANE BAK SUKKERKULENE

a) Store fellessamskipnader
Vi må avvise det som er kjerna i innstillinga frå Alstadheimutvalet, nemleg **store fellessamskipnader**. Vi må kjempe saman med dei elevane som lenge har krevd at staten byggjer boligar til dei, at det vert oppretta lokale velferdstilbod ved den einstilte skolen, med midlar frå staten.

Argumentet at stordrift, gjev økonomiske føremoner held ikkje. Røynslene med Samskipnaden i Oslo som omfattar ca. 20000 studentar syner det stikk motsette. Dei har dei høgste husleigene i landet, med 400,- kr. for enkelthybel.

Dei har dei minste prosjonane middagsmat i kantina, og dei har ein samlebandprodusert mat som ikkje er folkemat.

b) Studentane misser omlag 2/3 av hyblane

Alle skal ha same rett til boligane. Det tyder ikkje berre at mykje over det dobbelte vil stå som søkjarar. Det er all grunn til å rekne med at det vil verte innført **relativ ansiennitet**. Det tyder at alle skal ha høve til å bo like lang tid av studeitida si på studentboligar. For studentane

som tek studiar frå 5 til 7 år tyder dette at ventetida for å kome inn på boligane vert til år.

c) Vidareføring av staten sin sparepolitikk



Kjerna i organiseringa i pedagogiske høgskolar og dh-senter er rasjonalisering og sparepolitikk. Staten prøver å spare inn store midlar i skolesektoren og i helse- og sosialsektoren. Reorganiseringa av samskipnadane er sjølsagt eit tiltak i same leia, det er ei løysing for å prøve å vri seg unna dei stendig meir nærgående krava frå grupper som staten har forsømt i årevis.

3. STATEN FASTLEGG VALORDNINGA DEMOKRATIET VERT UNDERGRAVD PAMPEVELDE OG BYRÅKRATI I STADEN FOR ALLMØTE

Hovudallmøtet er i dag det høgste organet for Tromsø-studentane. Viktige saker vert diskutert og handsama på demokratisk vis. Politikken er viktigare enn andletet til folk. Hovudallmøtet har avgjort sakene med fleirtalsvedtak og krevd vedtaka sett ut i livet. Dette har og bunde studentrepresentantane våre i ymse råd og utval, samstundes som dei har stått ansvarlege ovafor allmøtet.

Alstadheim & co. trampar ned desse demokratiske prinsippa og held opp ein byråkratisk og udemokratisk organisasjonsmodell i staden.

Over til side 5



Tingvedtaket:

EIN STOR SIGER FOR REINHALDSBETJENTANE

Saka om reinhaldsbetjentane si arbeidstid var oppe til drøfting i Universitetstinget 11 november, og resultatet vart ein stor siger for betjentane og fagforeninga deira, NTL 108/12. Vedtaket medfører at dei betjentane som er tilsett no, fortsatt kan få utføre arbeidet sitt på arbeidstid.

Det er prorektor Jan Raa som etter sin lengre debatt fremja eit forslag som alle kunne einast om:

«Universitetstinget finner det godt gjort at overgang fra nåværende ordning for renhold til renhold på dagtid vil føre til store problemer for de fleste institutter, og at slik ordning også vil være i klar strid med flertallet av renholdsbetjentenes ønsker. Tinget tolker protokollen fra forhandlingene mellom NTL og Staten om renhold på dagtid ved UtTø slik at det ikke er formelle

hindringer for at renhold fortsatt kan finne sted utenfor ordinær arbeidstid, og anmoder derfor administrasjonen om å medvirke til at nåværende praksis opprettholdes.

Denn praksis utelukker ikke renhold på dagtid for de av renholdsbetjentene som ønsker det, dersom renhold kan skje uten altfor store ulemper for instituttene.»

Før dette hadde ein drøfta eit nokså ullent framlegg frå styrets rektor, og eit anna framlegg frå NTL som fullstendig avviste vasking på dagtid. Vidare hadde Jakob Meløe fremja eit forslag. Alle desse vart trekt når Raa kom med sin «syntese», og denne vart difor samrøystes vedteke.

Irene Bertheussen i NTL seier til Studentavisa at ho er godt nøgd med vedtaket. Ho meiner at det

positive utfallet ikkje hadde vore mogleg utan dei aksjonane som har pågått og den informasjonen som har vore spreidd i NTL-regi. Dei utvetydige reaksjonane frå folk rundt om på institutta har og betydd mykje for saka. Sånn sett blir vedtaket ikkje berre ein siger for reinhaldsbetjentane, men også for fagforeninga, ei foreining administrasjonen først nekta å tingje med. Først etter to reiser til Oslo fekk NTL slått fast tingingsretten sin.

Bertheussen understrekar at foreininga ikkje har handsama resultatet enno, og at kommentarane difor står for hennar eiga rekning.

Stein Rafoss er medlem av NTL og har arbeidd aktivt med denne saka i foreininga. Han er og tingrepresentant og har heile tida gått mot omlegging av reinhaldstidene.

Også han meiner at vedtaket i stor mon er positivt. Han legg likevel stor vekt på at det fortsatt skal tingast på lokalt plan, og at det er nødvendig å fasthalde intensjonane frå tingvedtaket i desse tingingane slik at krava til betjentane og NTL innfriest fullt ut på alle punkt..

Rafoss vonar imidlertid at administrasjonen gir seg på denne saka, etter at han no har opptrådt utillateleg arrogant overfor både reinhaldsbetjentane og fagforeninga. Han oppsummerer det heile som ein stor siger for betjentane og NTL.

Også rektor Olav Holt er nøgd med Tingvedtaket, som han meiner tar opp alle intensjonane i hans eige framlegg. Det vil no ikkje verte lagt vanskar i vegen for dei som no er tilsett, dersom dei vil fortsette å vaske på

kveldstid. Administrasjonen vil likevel ta kontakt med dei einstilte institutta for å finne fram til kva for postar som kan vaskast på dagen uten å komme i vegen for fagleg verksemd. Om dagtid så skal vere eit vilkår ved nytlysingar, må takast opp under tingingane.

På spørsmål om betjentane no vil få dei tariffesta 4 kronene i tillegg, seier Holt at det vil vere naturleg for dei som vaskar om kvelden etter ønske frå institutta.

Det som gjeld dei andre, er ei sak å ta opp under tingingane.

På grunn av tidsnaud ved skrivninga av dette nummeret, har vi diverre ikkje fått kontakta nokon av reinhaldsbetjentane sjølve. Dette beklagar vi sterkt. Vi vil imidlertid komme attende med meir stoff om saka, etter at dei lokale tinginga er avslutta. ga—

MØT OPP 25.11 OG RØYST PROGRESSIV FRONT

KVA GJELD VALA?

Torsdag 25. november vert det hovudallmøte med val. Det som skal veljast er Studentutval og delegatgruppe for vårsemestret. Vidare er det suppleringsval til redaksjonen i studenavisa.

Studentutvalet er den høgste politiske organet for studentane ved Universitetet - mellom hovudallmøta. Det har 5 medlemmer vald på sams politisk plattform.

Delegatgruppa er Tromsøstudentane sine representantar i Norsk Studentunion (NSU). Her i Tromsø veljest ei gruppe for heile

Universitetet, medan andre lærestader til dels er splitta etter fakultetsgrenser o.l. I 1976 har Tromsø hatt 3 av 64 delegatar til landstinget, men den relative styrken er naturleg nok større i mindre fora som landsstyret. Det skal veljast 4 medlemmer på sams politisk plattform.

Også studentavisredaksjonen skal stå på ein politisk plattform, men i statuttane for avisa finst det reglar om kontinuitet.

Dei seks hovudallmøtevalde medlemene skal sitte eit år av gongen, slik at tre går ut kvart semester.

Det er såleis berre tre nye medlemmer som skal veljast. Unntak er dersom ein ny politisk plattform sigrar, da må heile redaksjonen skiftast ut. Studentutvalet peiker ut det sjuande redaksjonsmedlemet, som difor sit berre eit halvår i gongen.

Dette semester er SV, delegatgruppa og avisredaksjonen vald på Progressiv Front si plattform.

Det er mogleg det også vil bli suppleringsval til styret i Student-samskipnaden, men dette er enno noko uklårt.

KVIFOR BERRER PF

Avisa har bedd dei politiske grupperingene Universitetet om å presentere seg sjølve for valet. Vi har gitt tilbod om spalteplass til dei s akta å stille kandidatar ved vala. Berre Progressiv Front har svart, og vi prentar dei materiale på denne sida. Universitetet SV har gitt melding om at det enno er usikkert om dei ville stille eller ikkje. Dei meinte vidare at frisa avisa ga dei, var altfor kort. Redaksjonen er samd i at den opprinnelege frista var kort, men det har seinare vore gitt utsetting. Vi synest etablert politisk organisasjon lyt kunne gi eit klart overblikk over sin plattform i løpet av ei veke. Frå Kommunistisk Universitetslag og AUF-styret har vi ikkje fått noko svar.

Progressiv Front stiller til attval i delegatgruppa og Studentutvalet, og til suppleringsvalet i redaksjonen av studentavisa. Vi skal her legge fram dei viktigaste sakene vi vil jobbe for, og vårt syn på NSU idag.

Men først vil vi seie litt om kva Progressiv Front er. PF er idag ein landsomfattande organisasjon med tilslutning ved alle universiteta. Vi arbeider for å mobilisere studentane til å kjempe for dei rettmessige krava sine overfor staten og kapitalen. Vi set oss som mål å reise kampen mot rasjonaliseringsiltaka frå staten i utdanninga og mot åtaka på studentane sin økonomi. Difor stiller vi til val til Norsk Studentunion (NSU), til dei parlamentariske organa ved Universitetet. Vi vil og nytte utanomparlamentariske aksjonsformer, som husleigestreikar, demonstrasjonar og undervisningsboikottar for å fremje krava frå studentane.

KVA PF SET FRAMST

Siste semestret har studentutvalet sete kampen for studentane sine økonomiske krav og forsvare av dei demokratiske rettane som den viktigaste oppgåva. Delegatgruppa sine representantar i NSU har gong på gong kravd at NSU skal gjere det same. USV, som har fleirtalet i NSU, har like klart avvist dette.

Den økonomiske stoda har blitt verre det siste året. Vi kan stille spørsmålet: Skal vi leve eit liv som gjeldsslavar? Stipenda utgjer stendig ein mindre del av inntektene våre, og vi må sjølve betale meir av utdanninga gjennom lån.

Stipend-delen av kostnadsramme var på 26% i 1970. For 76/77 var han sunken til berre 18,3%. Grunnstipendet vert og grunnare og grunnare. Det har auka med 100 kroner sidan 72/73, og ligg no på 1000 kroner. Det vert heller ikkje auka på statsbudsjettet i år. Renta på låna stig også: Frå 4,75% (1967) via 5,75 (71) til 6,5% no. Berre denne siste rentehevinga gjer at eit lån på 40000 kroner vert 6000 dyrare å betale attende. No ymtest det at vi skal måtte betale renter i studietida og.

Så alt stig - vi får meir og meir gjeld mellom hendene. Eit døme: Er du ferdig cand. mag. har du gjerne ei gjeld på omlag 50000 kroner (75000 for den osm tek til idag). Når desse skal betalast attende, vert dei til 115000 kroner, som lyt betalast i 56

halvårige avdrag a 2060 kroner. Kvar månad dei neste 28 åra skal lånekassa ha sine 344 kroner.

PF STILLER DESSE KRAVA:

Bortebuarstipendet: Staten byr oss 340 kroner for 77/78. Vi krev 780 kroner. Det er dei reelle meirkostnadene ved å bu borte, og det er staten sine egne reknestykke som syner dette. Stortinget har sagt at intensjonane med bortebuarstipendet nettopp er å dekke desse meirkostnadene.

Vi krev også ei kraftig auke i grunnstipendet, og at renta vert sett ned til 5,75% att.

DEI DEMOKRATISKE RETTANE

Det siste året har departementet varsla andre alvorlege åtak på dei demokratiske rettane våre.

Framlegget til nye «Lov om ordensforføyninger» (disiplinærreglementet) legg det juridiske grunnlaget for represaliar med utvisning i inntil to år for politiske demonstrasjonar og streikar ved universitet eller høgskule.

Val-komiteén sitt forslag i Oslo, Bergen og Trondheim og Alstadheimutvalet si innstilling kjem med framlegg om at allmøta ikkje lengre skal ha noko makt. Alle representantar skal veljast etter forholdstalsval og ved urneavrøsting, og dei vert ikkje bundne av tilbakekallingsrett eller pålegg frå grunnplanet.

PF vil mobilisere mange for å hindre desse forslaga i å bli sette ut i live. I haust har dei fleste instituttråda gått mot framlegget til «Lov om ordensforføyninger». Studentutvalet vil følge opp desse sakene i vårsemestret.

LOKALE KRAV

Lokalt går vi imot ny prisauke på samskipnaden sine tenester. Vi reiser krav om utbygging av fleire barnehager, studentboligar. Samskipnaden har idag ingen konkrete planar for slik utbygging. Vidare krev vi at SSTØ oppfyller plikta si om å bygge ut helsestienest for studentane, og at det blir gitt løyvingar til studentidrettslaget TSI.

Resepsjonssaka på Prestvann i haust syner at det nyttar å kjempe. Standpunktet vårt er at vi konsekvent må reise kampen for dei økonomiske og faglege



interessene til studentane, - og dette er vi aleine om.

Vi krev og rettferd for nynorsken og nynorskbrukarane. Det må vere høve til å bruke begge målformer på semesterkorta og andre skjema og blankettar. Administrasjonen må nytte meir nynorsk. Studentavisa lyt ha minst 50% av stoffet på nynorsk.

FAGA

PF ser det som viktig for progressive studentar å bruke faga til å tene undertrykte grupper. Idag er det ei generell innstramming i faga: arbeidsbyrden vert større, og det kjem strengare reglar for pensumval og obligatorisk frammøte (t.d. historie). Dette gir sjølvstø mindre høve til å påverke og kritisere faga. Denne tilstramminga tener kapitalen sine mål i utdanninga - PF vil kjempe mot denne reaksjonære utviklinga.

EINSKAP STUDENTAR - ARBEIDARAR

Progressiv Front vil arbeide for å utvikle ei kraftig støtterørsle til grupper i kamp mot stat og arbeidskjøparar. Særleg vil vi stø dei mange kampene for lønskav og fagorganisering som arbeidrarar har reist i den seinare tida.

I dette semestret har vi tatt opp støtteresolusjonar til dei streikande Norzinkarbeidarane og til dei streikande framandarbeidarane ved Wollebekks Champignon på hovudallmøtet. Delegatgruppa har løyva 300 kroner til Hammerverkarbeidarane.

Denne støtta legg og grunnlag for gjensidig støtte slik telefonsentralmontørane viste ved å løyve 1000 kroner til husleigestreiken i Oslo, og støtteresolusjon til den i Tromsø. SAME KAMP - SAME FIENDE.

INTERNASJONAL SOLIDARITET

PF vil arbeide for å styrke solidariteten med undertrykte folk og nasjon og gjere NSU til eit reiskap for denne solidariteten. Sovjet sin invasjon i Tsjekkoslovakia og USA sin krig i Vietnam syner at dette solidaritetsarbeidet må tyde kamp mot begge dei imperialistiske supermaktene USA og Sovjet.

Delegatgruppa har løyvd 300 kroner til kvar av frigjeringsorganisasjonane PAC (Azania) og PLO: Desse står framst i kampen for å mobilisere folk i landa sine til å frigjere seg med våpen i hand. Begge går mot å stø seg på ei supermakt i kampen mot den andre.

STEM PROGRESSIV FRONT

Her har vi langt fram v deler av politikken vår. dersom mange røyster Progressiv Front og vert medlemmer kjempe mot undertrykking av universitetsleiinga, staten kapitalen.

Av fleire årsaker lå kampen studentane sine interesser på lågmål i vårsemestret. I dette semestret har synt at vi ligg lei. SU har tatt opp disiplinreglementet, Alstadheimutvalet og studentøkonomien på allmøte og hovudallmøte. PF har eng seg i støttearbeidet for haldsbetjentane, tatt del i pen for å oppretthalde resepsjonsteneste på Prestvann og kjempa mot det reaksjonære overgrepet i karaktersakologi. Dette er saker som samla brei oppslutning og peiker framover.

PF vil ta opp kampen studentane sine interesser på felt, og vi vil jobbe saman alle som stør politikken konkrete saker.

KAKETEORIEN

Har studentane rettvisse krav?

Til tider møter ein påstanda om at ikkje studentane har rettvisse krav å kjempa for, siste gong frå AUF-stud. på førre hovudallmøtet. Argumenta attom ei slik påstand kjem att gong på gong, - den såkalla kaketeorien: Samfunnet sine totale ressursar er ei kake, og dersom studentane auker sin del, vert det mindre på andre.

Dette er og riktig, men berre under føresestnad av at vi reduserer kakestykket til den som alleleie har rana til seg største delen av kaka: Monopolkapitalen. Men dei reaksjonære har aldri vore interesserte i å redusere kakestykket. Nei, om studentane får meir, vil andre svaktstilte grupper, t.d. pensjonistane få mindre, hevdar dei. Ei svaktstilt gruppe vert stilla opp mot ei anna. I iveren etter å sikra monopolkapitalen meir profit,

freistar dei på dette viset å sabotera eit kvart rettvisst krav frå andre grupper. Men når monopolkapitalen sjølv skal subsidi-erast på ulike vis, og auka sin profit, då teier dei reaksjonære med kaketeorien sin. Då ville det elles vore grunn for litt omtanke for dei svake gruppene i samfunnet, dei som sanneleg har både bakt og betalt kaka.

No som før står motsetnaden mellom og dei andre delane av folket, mellom arbeid og kapital. Alle som ikkje utbyttar andre, har no som før ein sams fiende, og vi godtek ikkje freistnadene på å spela oss ut mot kvarandre. Difor stillar vi parola einskap arbeidarstudent. Difor skal vi alle krevja betre økonomi og levetilhøve - utan å lata oss lura til å tru at vi tek frå kvarandre. Difor skal vi ta kva for ein side der dei finnast: Hos monopolkapitalen.

STUDENTIDRETTSLAGET

er no formelt oppretta, etter ei lang forhistorie. Interimstyret er i full gang med å skaffe lokaler, og organisera aktivitetar. Då universitetet starta opp vart det avgjort at det ikkje skulle opprettas noko eiga studentidrettslag, men at dei som ville driva idrett, skulle slutta seg til dei idrettsforeningane som allerede eksisterte i byen. Det syntte seg etter kvart at desse intensjonane nok var gode, men ikkje realistiske, og arbeidet med å skipa eit eige studentidrettslag tok difor til våren 1976.

Det er viktig at så mange som mogleg av studentane vert medlemmer av dette. Berre på det viset

kan idrettslaget verta det det er meint å vera: Eit masseidrettslag som organiserer aktivitetar for eit fleirtal av studentane. Det er også viktig at så mange som råd tek del i det plattformordskiftet som skal taka til no, og som vert avgjerande for den profilen laget kjem til å få. Dei som vil setja seg nærare inn i dette ordskiftet allereie no, kan lesa vedlegget til sakspapiret om idrettslaget frå siste allmøte. Der vart det presentert eit utkast til diskusjonen som no skal starta opp. **GJER IDRETTSLAGET TIL EIT VERKELEG MASSEIDRETTSLAG, BLI MEDLEM NO!**

PF om NSU: NSU SABOTERER STUDENTKAMPEN

Studentene treng NSU til å gå i spissen i interessekampen. NSU skal koordinere og styrke den lokale kampen. Idag nytest NSU sitt budsjett på nærare 900000 kroner i hovudsak til utgreiingar og seminar for dei få, samt til eit svulmande byråkrati.

Det er USV som har fleirtalet i landsstyret i NSU idag og som fastset politikken. USV-leiinga ønsker å framstille seg som forsvararar av studentane sine interesser. I realiteten har dei sabotert kampen for studentane sine rettmessige krav. Progressiv Front-representantane i landsstyret og på landstinget til NSU har gong på gong kravd at NSU skulle gjere kampen for studentane sine levekår til hovudsaka. Like klart har NSU-leiinga avvist dette. Ho har gjort USV sin fagkritikk til omtrent det einaste NSU driv med idag. NSU har definert seg sjølv som kontaktformidlar mellom dei fagkritiske miljøa ved universiteta.

Progressiv Front er for å drive fagkritikk, men ikkje slik som NSU gjer det idag: at fagkritikken nyttast som grunn til å legge ned kampen mot dei nye valordningsreglane, die forverra levekåra osv.

NSU UNDERBRUK AV USV

I haust inviterte Studentersamfunnet og Studentutvalet NSU-leiinga til å komme og halde ei innleiing om politikken sin på eit møte i Samfunnet. Først takka

dei ja, i neste runde avslø dei. Dei kunne ikkje møte avdi Samfunnet ikkje var representativt for alle studentgrupperingane ved universitetet. Dei nytta altså USV sin boikott som grunn for å avslå innbyinga. Litt seinare i haust kunne likevel ein annan NSU-koryfè, Jens Jacobsen frå Studentforum (avisa til NSU), stille som innleiar på eit USV-møte om fagkritikk! Her var tydelegvis representativiteten stor og brei?

NSUs BUDSJETT

syner klart at det er behov for ein ny politikk i leiinga: 800000 kroner totalt som få studentar merkar noko til, finansierast gjennom semesteravgifta og av KUD. 80000 går til pampeløner til sentrale AU-medlemmer, medan 8000 vert nytta til innanlands og utanlands solidaritetsarbeid. NSU/AU løyva ikkje noko til husleigestreiken i Sogndal, og heller ingenting til PAC (frigjeringsrørsla i Azania) både av økonomiske og politiske årsaker («Representantane som reiser for PAC er ikkje representative»). NSU-leiinga røysta og imot eit PF-framlegg om å ta 10000 av lønene og gi til Zinkenarbeidarane. Det vart ikkje løyva ein raud øre til dei.

NSU MÅ BRYTE MED IUS

NSU har idag samband med IUS - ein internasjonal studentorganisasjon som mellom anna støtta okkupasjonen av Tsjekko-

slovakia varmt. Tidlegare i år gikk NSU imot å stø demonstrasjonen 21 august. Arbeidsprogrammet til NSU inneheld ikkje eit ord om Sovjet eller Austblokklanda.

PF er imot at NSU skal stø USA eller Sovjet. Det er viktig at NSU utviklar samarbeidet med studentunionar i andre land for å trekke røynslar av arbeidet deira. Men denne kontakten må knyttast utanom Sovjet-dominerte fora, kor NSU fungerer som ei legitimering av Sovjet sin politikk.

LOKALT ARBEID

USV lokalt tar heller ikke kampen for studentenes interesser alvorlig. Førrige gang det var valg til delegatgruppa/NSU og på studentutvalget stilte de bare til valg på delegatgruppa, men ikke til studentutvalget. Det samme gjentar seg i år. Dette viser at de er svært interessert i å sitte i majoritet i den sentrale organisasjonen og ha kontroll over ressursene der, men ikke gidder å ta ansvaret for å drive det lokale arbeidet.

PF ser det som en avgjørende oppgave for om vi skal vinne fram med å bli en uavhengig og aktiv kampløse, der ledelsen utgjøres av aktivister som ikke trenger lønn for å fungere. Det betyr idag at de må stemme for PF ved valget og mot USV.

OVERGANGER

RASERING...

I meldinga står det at på kvar skolestad skal det opprettast eit sams elev- og studentting. Dvs. eit ting for universitetet og andre skolar i Tromsø.

Valet til dette tinget går føre seg ved urneval og etter forholdstal prinsippet og representantane har ikkje bunde mandat. Attendekallingsretten vert og fjerna.

Det vort ei gulltid for studentaristokrater og pampeveldet. Det skal arrangerast kurs for tillitsmenn, og samstundes skal pampane lønast.

4. STUDENTANE I STYRET FÅR ANSVARET FOR STATEN SIN VELFERDSPOLITIKK

Studentane i Tinget veljer så sine representantar til samskipnads-

styret. Her får dei rettsleg ansvar for disponeringa av staten sine pengeløve til Samskipnaden, - syte for at ikkje butikken går med underskot. Ankeretten til staten når budsjettet kjem i underskot fell og bort. Studentrepresentantane vert såleis gjort ansvarlege for staten sin velferdspolitik.

5. ÅTAK PÅ INTERESSE-ORGANISERINGA

Meldingser: «Etter utvalgets syn vil det være en hensiktsmessig ordning at det bygges opp et system med elev- og studentorganer som på vanlig måte skal være ledd i tillitsmannsordninga og dermed være de utd. søkendes interesseorgan i alle saker, men som dessuuten skal ha valgfunksjon i forhold til styringsorganene i samskipnaden».

Dette vil seie - parlamentarisk

ting (elev- og studenttinget) i staden for t.d. studentutval og hovudallmøte. Dette er berre nokre av dei viktigaste områda i meldinga, som klart skulle syne konsekvensane ein slik velferd vil få. Dessse konsekvensar er så alvorlege at vi må slå attende slike planar for velferdsorganisering.

Etter jul vil Studentutvalet arrangere ein velferdskonferanse for universitetet og dei skolane i Tromsø som skal inn under den planlagte storsamskipnaden.

TA OPP ALSTADHEIMUTVALET PÅ INSTITUTTALLMØTE!

SLÅ ATTENDE PLANANE OM STORSAMSKIPNADER!

Torgeir Engstad

Tromsø Bokhandel

Telefon 83 534 9001 Tromsø Postboks 372
Bøker - Karter - Papir - Skolemateriell

Skolebøker

Skolemateriell

Centrum Bok- og Papirhandel

TROMSØ

Telefon 83 540 — Storgt. 73



Komplett!

BBB er bokreolen som De får kjøpt hos bokhandleren. BBB er kjønt som en bruksriktig og stilig reol, og De kan bygge den ut, seksjon for seksjon, akkurat som det passer Dem. Nå tilbyr vi også skap til BBB, slik at De kan lage en hel veggseksjon. Hos oss får De en brosjyre som forteller mer om de mulighetene BBB-reolen gir.



BBB
reolen

får De hos

UNIBOK

UNIVERSITETSBOKHANDEL

Boks 761 Tlf. 8 10 12

9001 TROMSØ

Bokmeldingar - Bokmeldingar - Bokmeldingar

BANEBYTENDE OM SOVJET

- av Rune Hagen -

Debatten om en konkret bestemmelse av Sovjetsamfunnets karakter har i de siste åra blitt aktualisert innenfor venstrefløyen både her i Norge og andre land. Forsøket på en slik avklaring er svært viktig for venstre-kreftene for å kunne utvikle en revolusjonær taktikk og strategi, og dette kan som kjent ikke skje uten konkrete analyser. Ikke bare ut fra de internasjonale krise-konjunktorene er en avklaring av holdningen til Sovjet (og de Øst-Europeiske land) påtrengende, men også på bakgrunn av revisjonistpartienes ortodokse bestemmelser av Sovjet som sosialistisk, samt den banale forestilling om Sovjet som fascistisk, her hjemme forfektet av AKP-gruppen.

Ut fra disse perspektiver er Rita di Leos bok «Arbejderne og det sovjetiske system» et banebrytende arbeid. Hennes innfallsvinkel er å sette klassekampsperspektivet innenfor Sovjetsamfunnets historie i fokus. Å framheve arbeidskraftens reelle plassering i analysen gjør boka til et pionerarbeid også i forhold til tidligere analyser (f.eks. Ebbings) som ofte har konsetrert seg om de formelle beslutningskanaler, fem-årsplanenes karakter, Stalins person osv.

Boka er inndelt i tre stadier: 1) Bolsjevikene og kapitalen, 2) klassekampens første og 3) andre fase.

Første del behandler innledningsvis kort NEP, introduksjonen av parolen om sosialisme i et land og Preobrasjenskij's løsningsforslag gjennom teorien om den såkalte opprinnelige sosialistiske akkumulasjon (dvs. statens tilegnelse av bøndernes merprodukt og de private virksomheters merverdi). Etter dette går forfatteren over til å behandle problemene omkring oppbyggingen av en sosialistisk økonomi.

den første fem-årsplan og kollektiviseringen i 1929. I denne forbindelse legger hun stor vekt på introduksjonen av Marx's reproduksjonsskjemaer (Se Kapitalens andre bind, side 209, Verker i Utvalg, Pax-forlag). Etableringen og ekspansjonen av storindustrien i Sovjet avhang heretter av den konkrete realisering av de økonomiske mekanismer som Marx hadde beskrevet i Kapitalens andre bind, og ble grunnlaget for den stalinistiske ledelse av landet. Likeledes ble forelengelsen av denne teori brukt som en vitenskapelig begrunnelse for avvisningen av arbeiderkrav, neo som igjen resulterte i en forringelse av arbeidskraftens pris og større press på bonde-massene. Å sidestille storindustriens ekspansjon med oppbyggingen av sosialismen medførte at klasseforholdet måtte tåkelegges. Bak denne mystifikasjon og ideologien om sosialismen lå imidlertid en oppslittet arbeiderklasse i enkelte arbeidskrefter som var tvunget til å selge seg selv på markedet på kjøperens betingelser (dvs. arbeidsgiverpartiet). Konsekvensen var selvsagt at arbeiderautonomi og oppbyggingen av sosialismen kom til å stå i åpen motsetning til hverandre. Men i motsetning til andre kapitalistiske land, hadde Sovjetsamfunnet og arbeiderklassen altså ikke «fordelen» av et offisielt anerkjent klasseforhold. Ideologien forble den at partiet i arbeiderklassens navn utøvde diktaturet over borgerskapet.

Andre del behandler utviklingen i 30-åra og dens konsekvenser for den russiske arbeiderklasse. Her legges spesielt vekt på den motstand arbeiderklassen var istand til å yte mot systemet: Faglærte arbeideres manglende «pathos», arbeiderfluktasjonene, og motstanden mot det uavbrutte arbeid og Stachanovsystemet. For



Studentavisa tar med glede imot bokmeldingar. Redaksjonen vil imidlertid freiste å unngå at avisa vert eit forum for høgtflyande teoretiske debattar - å få egne kritikar-eksemplar av nye bøker. Folk som er interessert i få bøker til melding, kan sende ein notis til oss med namn, adresse og kva fagområde som interesserar dei. Om noen vil skrive om plater, film, osv er det og fullt lovleg.

Kort og forståeleg! må vere mottoet. Avisa vil elles ta kontakt med ulike forlag for - om moeleg - å få egne kritikar-eksemplar av nye bøker. Folk som er interessert i få bøker til melding, kan sende ein notis til oss med namn, adresse og kva fagområde som interesserar dei. Om noen vil skrive om plater, film, osv er det og fullt lovleg.

totalt å eliminere den allerede begrensede autonomi som var tilstede ved de enkelte fabrikk og som muliggjorde en viss arbeiderkamp, viser de Leo hvordan arbeidsgiverpartiet etterhvert overtok alle funksjoner og ansvar og ble sentrum for all politisk og økonomisk makt.

Videre legges det vekt på hvilke problemer denne makt støtte på i sitt forsøk på å nøytralisere de tilbakeslag sovjetøkonomien hadde lidd under stachanovismen. Det lyktes partiet å sette produksjonsmekanismen i bevegelse igjen, men samtidig oppsto det kriser i planleggingen, altså en motsetning mellom de økonomiske forholds bevegelse og de teoretiske mangler. Det lot seg ikke lengre gjøre å løse disse motsetninger gjennom partiets stalinistiske formidling - erkjennelsen av at også sosialismen har behov for lover tvang seg igjennom. Og dette er temaet for bokas siste del, som hovedsaklig behandler etterkrigstiden. Dette er historien om de forskjellige faser i fravikelsen fra den administrative forvaltning. Det startet allerede under stalin-epoken gjennom den innrømmelse at også sosialismen er underlagt objektive økonomiske lover som f.eks. verdiloven. Selv om denne innrømmelse var fremkalt av den faktiske historiske utvikling, fikk opptakelsen av blant annet arbeidsverditheorien status av en ideologisk nødvendighet.

De administrative løsnings

fallit og innførselen av økonomiske kategorier fikk for arbeiderklassen den betydning at det utviklet seg en trade-unionisme.

Arbeiderpartiet måtte legge inn på kompromissenes vei, for gjennom slike å bidra til at arbeidernes motangrep ble så indirekte som mulig. Denne utvikling ble ført videre gjennom Kosygin's reformer som kan karakteriseres som en oppslitting av partiets økonomiske funksjoner, fra forestillingen om «samfunnsmessig» arbeidsgiverplikter til en «privatistisk» angrepsvinkel.

Analysen av Sovjet i denne periode er av vesentlig betydning, blant annet fordi di Leo påviser at det ikke skjer et avgjørende brudd i det sovjetiske systems økonomiske utvikling etter Krut-sjovs makttovertakelse. Det er heller snakk om en kontinuitet som samtidig viser begrensningene i Krut-sjovstidens såkalte oppgjør med Stalin. Spesielt mot AKP-gruppens snakk om kontra-revolusjon som angivelig skulle ha funnet sted etter Stalin, leverer di Leo en knusende argumentasjon... Tilegnelsen av merverdi var ikke noe som oppsto iog med Kosygin's reformer, men er til stede under hele Stalin-epoken. Fravristningen av merverdien baserte seg riktig nok på andre elementer, men resultatet var det samme som i kapitalistiske land.

Rita di Leo har levert et arbeid som viser at de kapitalistiske elementer er de framherskende i det sovjetiske system. Vibeke

Sperling som har oversatt boka og også har skrevet et etterord, påpeker imidlertid en del sentrale mangler ved di Leos analyse og begrepsbruk - en kritikk som man umiddelbart må si seg enig i. Blant annet framhenger di Leo i enkelte sammenhenger en noe tvilsoin omgang med marxistiske kategorier og metode. Hun tillegger Marx's reproduksjonsskjemaer gyldighet bare innenfor en viktoriansk kapitalistisk økonomi og mangler derfor en forståelse av abstraksjonsnivået hos Marx. Kritikken som di Leo gir av sovjetpolitikernes anvendelse av disse (reproduksjonsskjemaene), faller således tilbake på henne selv. Hun setter videre et ubegrunnet og feilaktig skille mellom Marx som vitenskapsmann på den ene side og som politiker på den andre. Tilsynelatende gir hun også sin tilslutning til den keynesianske forestilling om en krisefri kapitalisme - et slikt synspunkt forekommer absurd, spesielt på bakgrunn av dagens situasjon på det kapitalistiske verdensmarked.

Til tross for disse mangler og en del andre som blir drøftet i etterordet, har Rita di Leo levert et fruktbart bidrag til Sovjet-diskusjonen - et bidrag som anbefales på det varmeste.

Rita di Leo:
ARBEJDERNE OG DET SOVJETISKE SYSTEM
Forlaget Modtryk, 1975
190 sider - 30 danske kroner

Nynorsk i Tromsø-skolane:

- Vi er optimistiske

Målet vårt er å få nye parallellklassar med nynorsk i Tromsø hausten 1977. Vi er optimistiske når vi no ser at folk finn at nynorsken passar best i skolen. Foreldra satsar på nynorsk-klassen.

Det var Reidun Mellem, lærar og med ein unge i nynorskklasse,



som sa dette på NORDNORSK MÅLTING 76 som blei arrangert i Tromsø helga 6. og 7. november.

- Det var i 1975 at det blei aktuelt med ein nynorsk parallellklasse i Tromsdalen. Skolesjefen «gløynde» å opplyse foreldra om at dei kunne velje målform for ungane sine når dei meldte dei inn i skolen. Vi tok dette opp med foreldra, og resultatet blei at vi fekk 12 elevar med nynorsk opplæringsmål. Seinare kom det to nye til.

ELEVANE TRIVST I NYNORSK-KLASSEN

- Reidun Mellem kunne og fortelje at dei prøvde å få ein lærar med nordnorsk talemål til klasen - for å slå i hel myten om at nynorsken er «vestlandsk». Vi fekk det, men læraren skifta dessverre plass etter eit år.

- Mellom ein del av dei andre lærarane var det ein viss uvilje mot denne parallellklassen. Ein del av dei hadde sjølv ungar i bokmålsklasse. Men trass i dette har det gått bra med nynorsk-klassen.

Elevane trivst, og dei har dei læremidla dei skal ha.

AVISENE SKRÆMER FOLK

- I haust prøvde vi og å få i stand ein ny parallellklasse med nynorsk opplæringsmål. Det meldte seg faktisk nok elevar, men dei kom frå ulike skolekrinsar i kommunen. Skulle vi få ein klasse, måtte ein del fare med buss. Vi fekk derfor nokre elevar plassert i dei klassen som allereie var i Tromsdalen. Det har ikkje vore problem med det, og det er feil å tru at desse må «hoppe over» 1. klassesteg.

av Magne Heide

- Avisene, og særleg «Tromsø», har skrive mykje negativt om dette og forvrengt saka. Dette har gjort mange foreldre engstelige. Ungane er blitt framstilt som «prøveklutar», noko som ikkje er tilfelle. Parallellklassen fungerer heilt normalt.

NYNORSKEN TIDLEG UTE I NORD-NOREG

Skrivaren i Noregs Mållag, Oiaf Almenningen, kunne fortelje at nynorsken var like tidleg ute i

Nord-Noreg som elles i landet. Allereie ved hundreårsskiftet blei nynorsken førd inn i Hattfjelldal og Vefsn. I Vefsn er det enno elevar med nynorsk som hovudmål i skolen.

- Størst var framgangen i Nord-Noreg etter 1938-rettskrivinga. I 30-åra gjekk nynorskprosenten opp frå 20 til om lag 35. Av dei 812 skolekrinsane som gjekk over til nynorsk i 1938 og 39 var det 155 i Nordland og 133 i Troms.

DEI NORDNORSKE DIALEKTANE TRENG NYNORSKEN

- Almenningen kom og inn på korfor nynorsken gjekk så sterkt attende i Nord-Noreg etter krigen. Mange krinsar hadde nynorsk berre på papiret. Nynorske lærebøker fekk dei ikkje tak i under krigen. I det heile øydela krigen mykje.

- Etter krigen kom det mange erstatningslærarar til Nord-Noreg. Dei var ofte bokmålsvenlege eller dei kunne ikkje nynorsk. Og då Foreldreaksjonen og skolesentraliseringa kom og det blei krevd nye skolemålsrøystingar, var det mange målfolk som resignerte. Dei møtte ikkje fram til røystingane, eller dei rett og slett gav seg over og røyste bokmål. Det var få stader det blei drive aktivt arbeid for å få folk til å halde på nynorsken.

- I dag trur eg vi skal greie å stå imot desse praktiske argumenta. Det er viktig å få folk til å skrive nynorsk heilt frå første klasse. Nynorsk skriftmål har bruk for

KAMP FOR NYNORSKE LÆREMIDDEL

dei nordnorske dialektane, og desse treng på si side nynorsken

ARBEIDE FOR PARALLELLKLASSAR OG SKOLEMÅLSRØYSTINGAR

Hovudmålet med NORDNORSK MÅLTING 76 var å diskutere korleis ein skulle leggje opp arbeidet med å få nynorsket inn som skolemål i landsdelen. Det var stor semje om at no måtte ein gå ut til folk og fortelje dei at dei nordnorske dialektane ligg nærmost nynorsken. Det blei og skissert opp planar for korleis dette arbeidet kunne drivast.

NYE MALUNGDOMSLAG OG SKOLEMÅLSNEMNDER

Det er no andre gongen på to år at det blir arrangert NORDNORSK MÅLTING. I år samla måltinget 60-70 utsendingar frå Vadsø i nordaust til Bodø i sør. Det ser og ut til at det skal bli danna fire nye målungdomslag nord for Polarsirkelen. I Bodø Tromsø og Målselv vil det og nær framtid bli skipa skole målslagsnemnder. Norsk Målungdom sitt arbeidsutval i ord

Over til side 2

Dei ni framandarbeidarane ved Norsk Champignon får Ei handsaming utan like!

Korleis ville du like å bli plystra på kvar gong du skulle gjere noko på arbeidsplassen din? Eller at oppgåva di vart pekt på, ikkje forklart for deg? Korleis ville du reagere om du gjennom fleire år fikk for låg overtidsbetaling i helgene?

Resultatet var at diskrimineringa og trakasseringa frå verksemda si side berre vart enda verre. Mellom anna fikk dei organiserte etter denne tida vel tjue kroner tima i lønn, mens dei uorganiserte i samme jobb fikk oppi 26-27 kroner. I tillegg vart dei nekta overtidsarbeid som dei tidlegare hadde hatt sin del av. Det var svaret frå bedrifta!

Frå forbundet vart dei først lova støtte, og det vart halde fleire forhandlingsmøte mellom dei streikande og bedriftsleiinga med representantar for Skog og Land til stades. Men da forbundet oppdaga at dei ikkje kom nokon veg med Wollebekkfamilien dolka dei arbeidarane i ryggen med denne tilråinga: Sei heller opp jobbane og meld dykk som

Det er ikkje mange norske arbeidstakarar som ville finne seg i ein slik situasjon. Men framandarbeidarane på Norsk Champignon har funne seg i det i fleire år. 1. juli var tålmodet slutt for ni av dei, og dei meldte seg inn i Skog- og Landarbeidarforbundet i håp om betre kår.

arbeidslause! Kva for støtte er det til arbeidarar som strir for rettferdige krav?

Dagen etter det siste forhandlingsmøtet vart fem av dei ni arbeidarane oppsagt, delvis utan grunngrunnad i det heile, delvis på klårt usakleg grunnlag. Dette skjedde før arbeidarane gikk ut i streik, ikkje etter, slik mange av dei borgarlege avisene har framstilt det. Og det var nettopp etter dette utspelet frå bedrifta si side at dei ni pakistanarane ikkje såg nokon annan utveg enn å gå til streik for krava sine.

Trakassering utan like

Etter denne dagen, 9. september, har framandarbeidarane vore utsett for ei handsaming utan like. For det første har Skog og Land teke klårt parti for bedriftseigarane, familien Wollebekk, og påstår no at arbeidarane gikk ut i streik i ein klår forhandlingsituasjon og at det siste møtet 6. september ga positive resultat. Det har dei enno til gode å vise fram prov på, av den gode grunn at det er direkte usant!

Og kven vil påstå at det eksisterer ein forhandlingsituasjon når fem av arbeidarane alt er sagt opp frå bedrifta? Det gjer altså Skog og Landarbeidarforbundet!

For det andre har Wollebekkbørne vist sitt sanne anlet. Blant anna har dei påstått at dei andre pakistanske arbeidarane på bedrifta går rundt og er redde for livet sitt, med anna ord at dei ni streikande arbeidarane er potensielle mordarar! Det skulle ikkje vere naudsynt å nemne at dei ni har meldt Nils Petter Wollebekk til politiet for desse skuldingane, som har eit klårt rasistisk innhald. Det hører med til historia at Wollebekk seinare har vedgått at dei andre arbeidarane aldri har gjeve uttrykk for nokon redsel for dei som er i streik.

Utspelet er ikkje noko anna enn ein realistisk freistnad på å gjere streiken til «eit indre pakistansk oppgjør», ein freistnad som jamvel sekretæren i Skog og Land slutter seg til i eit intervju med «Aftenposten» 10/9.

Det hittil siste utspelet frå Wollebekk har vore å seie opp dei fire siste arbeidarane, og å slå fast at det ikkje vil komme på tale å ta inn at dei ni på noko vilkår.

Sosialdemokratane syner sitt sanne anlet

Sosialdemokratane har spela ei heilt spesiell rolle i konflikten ved Norsk Champignon. Forbundsleiinga i Skog og Land har vi alt vore inne på. Ein annan viktig faktor har vore «Arbeidar»-partipressa som frå første stund har stått fullt og heilt på bedriftseigarane si side.



Kjøp ikkje produkta frå Norsk Champignon! Gi støtte til innsamlingar for dei ni som er i streik! Ta sjølv del i støttearbeidet! Slik kan du hjelpe framandarbeidarane ved Norsk Champignon.

Mellom anna var det «Arbeiderbladet» som kritikklaut bragte vidare skuldingane frå disponent Wollebekk om at dei streikande var potensielle mordarar. Dei ni har meldt avisa til Pressens faglige utvalg for det.

Men verst har «Akershus Arbeiderblad» vore. Det starta med at dei støtta aktivt opp om Wollebekk sitt initiativ for å få ansatt streikebrytarar ved å ta inn annonsene hans for å få tak i nye folk. Sidan har det gått slag i slag. Det foreløpig siste er at dei i eit intervju med to av dei som er i streik har fingert ein del for eiga rekning der dei let arbeidarane kritisere reportasjane «Klassekampen» har hatt frå streiken.

Dei streikande har slått fast at dette er å snu saka fullstendig på hodet. Sanninga er at dei i intervjuet ga uttrykk for at Klassekampen heile tida hadde dekt streiken nøyaktig og korrekt og at dette sto i kontrast til dei mange usanne opplysningane som andre aviser hadde spreidd. Dessutan hadde dei kritisert Akershus «Arbeider»blad spesielt for hennar dekning av streiken!!!

Ein annan representant for sosialdemokratiet som har markert seg sterkt i samband med streiken, er AUF'aren Åge Granerud, som medvete tok seg jobb som streikebrytar ved Norsk Champignon og som no går i spissen for streikebryteriet. Det seier og litt om Skog og Land sitt tilhøve til streiken at dei no har akseptert streikebrytaren Granerud som medlem i forbundet.

Forræderrolla til Granerud vert heller ikkje endra av at han no vert gjort til martyr på grunn av åtaka på streikebryteriet hans.

Gledeleg i dette biletet er det at fire av dei sju streikebrytarane Wollebekk hadde tilsett no har slutta av di dei har skjønna kva for rolle dei spela.

Boikott produkta!

Korleis går det an å stø dei streikande arbeidarane? For det første går det an å stø dei direkte gjennom å sende pengar og støttefråsegner. Dessutan har dei ni oppmoda til boikott av Wollebekk Champignons. Dette vil svekke bedrifta økonomisk og vere ei støtte til kampen dei ni framandarbeidarane fører.

FULL STØTTE TIL DEI NI FRAMANDARBEIDARANE VED NORSK CHAMPIGNON! BOIKOTT «WOLLEBEKK CHAMPIGNONS»!



DAGBLADET
10. NOVEMBER 1978

Champignon i skuddet

AV ARTHUR ARNTZEN

TROMSØ
Heller ikke i Tromsø fører AKP m-ls aksjoner alltid fram til det tilsktede formål. Her har de ganske intenst aksjonert mot Wollebekks champignoner, men resultatet er blitt at det i Tromsø aldri har vært solgt så mye champignon, og nettopp fra Wollebekk, som nå i disse dager.

Dette har flere kjeøpmenn i byen bekreftet overfor Dagbladet. Og disponent Steinar Hardersen ved ett av de største varemagasinene i byen — Kjøpmennenes Varehus, som ligger midt i sentrum — sier at Wollebekks champignoner virkelig er i skuddet nå. AKP m-l-folk har støtt vært innom for å snu champignonglassene og klistre sine egne etiketter på.

— Vi har til nå tatt oss del bry å fjerne disse etikettene, men er nå kommet til at det er helt unødig. Det er bare god reklame for champignonen, sier Hardersen, som har latt sette ut en plakert i butikkvinduet hvor det står «Vi har Wollebekks champignoner», og under: «Til stor glede for AKP m-l.»

— Og nå arbeider jeg med å få Wollebekks champignoner på tilbud i de nærmeste dagene, slik at også vi kan hjelpe AKP m-l med å få det virkelig helt store oppsving på disse utmerkede norske champignoner.

Wollebekk sine støttespelarar i Tromsø syner sitt sanne andlete.

Repriser vi anbefaler:

PANDA COMPANY in association with PAYBERT PRODUCTIONS presents

easy rider

starring PETER DENNIS FONDA/HOPPER JACK NICHOLSON


EASTMANCOLOR COLUMBIA

Picnic med Ørden

JON VOIGHT BURT REYNOLDS

"Deliverance"
18 ÅR • COLWAR

FOKUS KINO



LOJALITET MOT KVEN?

Steinar Nilsen suspendert frå budsjettutvalet

12.11 vart Steinar Nilsen suspendert frå Samskipnaden sitt budsjettutval, på initiativ frå formannen, som tok på seg ansvaret for suspensjonen fram til saka kan handsamas i Samskipnaden sitt styre. Grunnen til suspensjonen var illojalitet overfor budsjettutvalet ved at han offentleggjorde delar av budsjett som er under arbeid.

Kva var det egentleg som skjedde, Steinar Nilsen?

Då møtet tok til sa formannen frå om at han kravde at eg vart suspendert frå budsjettutvalet avdi eg hadde synt «ullojalitet» ovafor «spillereglane» i budsjettarbeidet. Konkret ville dette seia at eg hadde offentleggjort delar av budsjettet, som inneheldt klare forverringstiltak ovafor studentane. Som kjent skjedde dette i eit intervju med meg i førre nummeret av studentavisa.

Har du vorte pålagt teleplikt frå styret i denne saka?

Formelt har styret aldri pålagt meg teleplikt i budsjettarbeidet. Eg har og gjort det klart ovafor både samskipnadsstyret og studentane at eg ikkje kjenner meg bunden av ei slikt plikt ovafor dei forverringstiltaks som budsjettet inneheld. Tidlegare i år har det same vorte gjort, utan at ein har reagert på det.

Og kven skulle ei slik teleplikt verna?

Føremålet med teleplikta er ifølgje formannen i samskipnadsstyret (også formann i budsjettutvalet) å sikra arbeidsro. Dette vil seia at dei i ro og mak kan sitja å klekkja ut tiltak som rammar studentar og tilsette, utan at desse veit kva som skjer, og såleis vert dei også utan høve til å protestera før saka er vedteke i styret. Men då kan viktig tid vera tapt.

Du sa at studenrepresentantane alltid har offentleggjort budsjettet utan at noko har skjedd. Kvifor trur du at dei valte å suspendera deg no?

Ein del av forklåringa er sikkert at dei røyndene Samskipnaden fekk hausten 1974, då nettopp

kjennskapen til planane i budsjettet gjorde det mogleg for studentane å førebu ein husleigestreik, som tok til like over jul. Difor er dei livredde for at opplysningane no skal koma ut, sidan husleigeauge nettopp utgjer ein stor del av forverringstiltaka denne gongen.

Korleis ser du på dette med lojalitet og i saka ovafor «spilletts regler?»

Lojaliteten min går ikkje til eit reaksjonært styre, som kjenner det som si oppgåve å administrera staten sin elendige velferdspolitik ovafor dei utdanningssøkjande, men til studentane, som eg sit som representant for.

Sluttkommentar?

Vi har enno ikkje hatt tid til å tenkje nøye gjennom saka, og diskutera kva for konsekvensar studentane skal trekkje av den. Eg vil elles leia merksemda mot den metoden styreformannen nytta for å få meg bort frå budsjettutvalet. Han meinte at han sjølv, i kraft av si stilling som styreformann, hadde rett til å krevja at eg gjekk, altså i realiteten sjølv endra den samansetninga av budsjettutvalet som samskipnadsstyret har vedtatt. Difor nekta han og i det helle å taka saka opp til votering, og tok sjølv på seg ansvaret for suspensjonen. Dette er metodar vi kjenner frå land som ope trampar på det som vi til no i Norge har rekna som dei mest elementære demokratiske rettane. Eg oppmodar difor studentane om å protestera skarpt mot ei slik trakkassering av studenttillitsmenn, uansett frå kva hald den måtte koma.

SAMFUNNSFAG- SAKA

Den viktigste saken er fortsatt Aksjonen for å få en bedre ordning med innlevering av selvvalgt pensum. Selv om interessen blant studentene har gått noe ned er denne saken av stor prinsipiell betydning for oss.

I slutten av oktober ble det arrangert et møte mellom studentene og det utvalget som skal behandle saken fra lærernes og administrasjonens side. Det kom ingen konkrete løfter eller forslag til endelig løsning av saken og det er nå klart at vårt krav om at også vårt kull må få anledning til å foreta pensumkorreksjoner ikke blir innfridd. Slik saken nå står, er det grunn til å tro at en omfattende endring av hele opplegget på samfunnsvitenskap grunnfag vil komme. Hva resul-

tatet blir og hvilke eksamensformer vi kan vente oss i framtida er ennå ikke klart, og kan tidligst bli satt i verk i 1977.

AU har ellers diskutert muligheten av å få til et stort informasjonsmøte på nyåret for alle nye studenter på Instituttet. Vi håper på den måten å heve interessen for studentpolitisk arbeid og lette rekrutteringen til de mange råd og utvalg. Et slikt møte vil også kunne få bort den døperperioden mange nye studenter må gjennom før de blir fortlrolige med hvordan det fungerer her på Instituttet. Ellers vil AU opplyse at inntekten fra Hammarverkfilmene, da den ble vist på Odd Berg, ble på 101,- kr som omgående ble sendt til de streikende.

AU/Odd Berg

STUDENTUTVALET PROTESTERER

Studentutvalet har bede om å få ein kort kommentar til det som har skjedd. Denne følgjer her:

Studentutvalet har nett vorte kjend med suspensjonen av Steinar Nilsen frå Samskipnaden sitt budsjettutval. Opplysninga kom som eit sjokk, og vi har enno ikkje fått tid til å diskutera stoda. Sjølv om vi ser suspensjonen som eit av dei grovaste overgrep mot studentdemokratiet til no, er det inga prinsipielt ny line i Samskipnaden sin politikk. Samskipnaden har alltid vore eit reiskap for staten - mot studentane. Likevel representerer suspensjonen eit nytt nivå i denne kampen, der Samskipnaden og etter sine eigne innfall kan suspendera lovleg valte studenttillitsmenn.

Dette er altså ikkje noko overgrep mot ein einskildperson, men på studentrepresentasjonen i Samskipnaden i seg sjølv, og på den politiske lina som allmøtet har vedteke, og som Steinar Nilsen lojalt har fulgt.

Saka vil verta teken opp på hovudallmøtet 25.11. Inntil den har vorte diskutert der, vil SU gjeva studentrepresentanten sin fulle stønad, og skarpt taka avstand frå suspensjonen og dei metodane formannen i budsjettutvalet har nytta for å få saka i gjennom.

BUDSJETTUTVALS-FORMANNEN:

NILSEN IKKJE LOJAL MOT STUDENTANE

Studentavisa har like før redaksjons-avslutning fått ein kommentar til suspensjonssaka frå formannen i Samskipnadens styre og budsjettutval, Svein E. Eilertsen.

- Kva skjedde egentleg i budsjettutvalsmøtet?

- Det var at eit av medlemene vart utelukka frå arbeidet fram til styret har hatt møte (19. november). Dette skjedde på grunn av at han hadde brote fortruleg-stemplinga av sakene i utvalet. Tidlegare har vi til dels oversett slike handlingar, men denne gongen fekk vi i tillegg ei grov forvrenging av budsjettarbeidet. Vi kan ikkje akseptere alt, så no må det tydelegvis strengare verkemiddel til.

- Steinar Nilsen var vald av Samskipnadsstyret til budsjettutvalet. Er det ikkje då tvilsomt at formannen suspenderer han? - Det er eit omtvista spørsmål, men eg meiner at det må vere lov

når vi har eit så grovt overtramp. Suspensjonen gjeld jo berre fram til neste styremøte, der eg eventuelt står ansvarleg for avgjerla mi. Om Nilsen ikkje hadde blitt bortvist hadde vidare arbeid vore umogeleg, ettersom både kontorsjefen og eg fann noko samarbeid ugjennomførleg etter dette. Resultatet ville altså vere at eit heilt nytt budsjettutval måtte veljast.

- Eit argument mot Nilsen var at han hadde vore illojal mot Samskipnaden. Men er det ikkje hans plikt å vere lojal overfor studentane?

- Nilsen har ikkje vore lojal overfor studentane i denne saka, ettersom han kjem med direkte usanningar om budsjettet. Dette tener ingen.

- Kva er det i framstillinga hans som er feil?

- Det kan eg ikkje seie noko om - da ville jo eg og bryte teleplikta.

Einkvar vil imidlertid kunne samanlikne når budsjettframlegget vårt vert offentleggjort. Da vil ein kunne sjå kva som er røynda og kva som er eit produkt av AKP(m-l) eller Progressiv Front.

Eg trur elles at elkvar oppblåsing av dette berre vil auke avstanda mellom studentane og miljøet elles i Tromsø, jfr kor vanskeleg det er for studentar å få private hyblar.

- Kva vil no skje vidare? Vil Nilsen verte suspendert frå styret også?

- Saka, dvs. protokollen frå budsjettutvalsmøtet, kjem opp som første sak på neste styremøte. Denne protokollen er ikkje offentlig før styret vedtar det, og eg vil derfor tilrå overfor styret at saka vert drøfta for lukka dører. Personleg har eg ikkje vurdert dei vidare konsekvensane, førebels har eg berre sett saka i budsjettsamheng.